



Sakspapir

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Øyvind Tolleshaug	FA - L13	18/46

Saksnr	Utval	Type	Dato
008/19	Formannskapet	PS	22.01.2019

Detaljreguleringsplan for mottak, mellomlagring og eksportanlegg for CO2. Utlegging til offentlig ettersyn.

Vedlegg:

- Planskildring- Northern Lights 14.12.2018 (52688)
- Vedlegg 1 - Plankart 1 av 7 stk 12.12.2018 (52489)
- Vedlegg 2 - Føresegner Detaljreguleringsplan for mottak mellomlagring og eksport av CO2 20181214 (52490)
- Vedlegg 3 - Illustrasjonsplan 20181128 (52491)
- Vedlegg 4 - Merknader Detaljregulering samla 28.11.2018 (52492)
- Vedlegg 5 - Samandrag av innkomne merknader 20181214 (52493)
- Vedlegg 6 - Dokument varsel om oppstart (52494)
- Vedlegg 7 - NL_konsekvensvurdering - fiskeri, havbruk og marint biologisk mangfold (52495)
- Vedlegg 8 - NL_konsekvensvurdering - naturmiljø og biologisk mangfold på land (52682)
- Vedlegg 9 - NL_konsekvensvurdering - landskap, friluftsliv, kulturminner og kulturmiljø (52683)
- Vedlegg 10 - NL_konsekvensvurdering - samfunnsmessige forhold (52684)
- Vedlegg 11 - Risiko- og sårberheitsanalyse - Northern Lights 14.12.2018 (52685)
- Vedlegg 12 - Trafikkanalyse 19.10.2018 (52686)
- Vedlegg 13 - Kulturhistoriske registreringer - forside

Saksutgreiing:

Føremål med planen :

Regulere mottak, mellomlagring og eksportanlegg for CO2 i Naturgassparken i Øygarden kommune og rørledningstrase for transport av CO2 til 1 nautisk mil utanfor grunnlina.

Bakgrunn :

Noreg har signert Parisavtalen om reduksjon av utslipp av CO2 for å redusere dei menneskeskapte klimaendringane til under 2°C, og helst avgrensa til 1,5°C samanlikna med førindustrielt nivå. Avtalen medfører internasjonale forpliktingar til store reduksjonar av CO2-utslipp. Noreg har saman med EU forplikta seg til å oppnå 40 % reduksjon av CO2-utslippa i 2030 samanlikna med 1990 utslippnivå. Dei totale norske utslippa var i 2016 på 53,4 millionar tonn CO2-ekvivalenter, der CO2 står for om lag 80 % av dette.

Gassnova SF (Gassnova) er statens føretak for CO₂-handtering, og har det overordna ansvaret for å realisere regjeringa sin ambisjon om eit fullskala demonstrasjonsanlegg for CO2-fangst og lagring. Equinor ASA v/Northern Lights project (Equinor) har fått i oppdrag av Gassnova å greie ut moglege lokasjonar for eit landanlegg for mottak, mellomlagring og vidare transport av CO2 til permanent lagring 1000-3300 meter under havbotnen på kontinentalsokkelen. I oktober 2017 signerte Equinor ein samarbeidsavtale med A/S Norske Shell (Shell) og Total E&P Norge AS (Total), der Shell og Total er



Fedje kommune

likeverdige partnerar i Northern Lights prosjektet.

Den 9. november 2017 vart det avgjort at det skal etablerast mottaksanlegg for CO₂ Naturgassparken i Øygarden kommune. Det skal fangast CO₂ frå industrianlegg på austlandet, som skal transporterast med skip til mottaksanlegg i Naturgassparken. Her vil CO₂ bli pumpa over frå skip til tankar på land, før den blir sendt i røyr og injisert og permanent lagra (førebels antatt) 1000-3300 meter under havbotnen på kontinentalsokkelen.

Om planen og planarbeidet:

Planprogrammet vart handsama i kommunestyret den 19. juni i 2018.

I samband med utviding av planområdet til å omfatte trase for kontroll- og styringskabel til Fedje vart det halde informasjonsmøte om planarbeidet i fleirbrukshallen på Fedje 17.10.2018.

Kontroll- og styringskabel til Fedje er ikkje lengre aktuelt.


Reguleringsplanen har i Fedje har eit føremål : "Bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhøyrande strandsone". For ein mindre del av planen, er dette heilt i samsvar med kommuneplanen.

Største delen av planområdet er i kommuneplanen sett av til "Farlei". Dette er eit meir spesifikt føremål enn "Bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhøyrande strandsone". Ein kan seia at reguleringsplanen opnar for fleirbruk (røyr og ferdsel) der det etter kommuneplanen var einbruk (ferdsel).

Kommuneplan og reguleringsplan :



Fedje kommune



I reguleringsføresegnene er det eit punkt som er aktuellt for Fedje :

9.3.4 #14 Midlertidig rigg- og anleggsområde

Langs ny røyrledning er det satt av midlertidig rigg- og anleggsområde i ein total breidde på om lag 500 m. Røyrledning kan leggest innanfor denne sona. Når anleggsarbeida med legging av røyrledning er ferdigstilt vert dette midlertidige rigg- og anleggsområdet oppheva

I planskidringa står det :

Det er planlagd utlegging av stein og pukk langs delar av røyrledningen. Det vil kunna vera behov for å leggja stein (ca. 10-12,5 cm) på sjøbotnen før røyrlegging, for å stabilisera botnen og unngå frie spenn. Det vil i enkelte tilfelle òg vera behov for å verna røyrledningen mot tråling med stein etter legging.

Det er ikkje restriksjonar på bruk av området etter at anleggsarbeida er avslutta.



Fedje kommune

Forslag til vedtak:

Framlegg til detaljreguleringsplan for mottak, mellomlagring og eksportanlegg for CO₂, vert i samsvar med § 12-10 i plan- og bygningslova, lagt ut til offentlig ettersyn i seks - 6 - veker.

Planområdet ligg både i Fedje kommune og Øygarden kommune.

Formannskapet - 008/19

F - behandling:

F - vedtak:

Framlegg til detaljreguleringsplan for mottak, mellomlagring og eksportanlegg for CO₂, vert i samsvar med § 12-10 i plan- og bygningslova, lagt ut til offentlig ettersyn i seks - 6 - veker.

Planområdet ligg både i Fedje kommune og Øygarden kommune.

Samrøystes vedteke.